



Arkivnr: 2014/10441-32

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån (297 mill. kr) og refinansiering av Kommunalbanklån (94 mill. kr)

Samandrag

Eit sertifikatlån på 297 mill. kr skal fornyast den 18. mars. Ein nyttar samstundes høvet til å refinansiere eit lån i Kommunalbanken på 94 mill. kr, slik at det nye lånet vert 391 mill. kr. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 6-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Det vert teke opp eit 6-månaders sertifikatlån på 391 mill.kr, tilrettelagt av DNB, til refinansiering av to tidlegare lån. Renta er 1,71 % fram til 18.09.2014.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.03.2014

Eit sertifikatlån på 297 mill. kr har forfall 18. mars, og må fornyast.

Sertifikatlån er for tida den lånetypen som har lågast rente. Renta på 3-månaders sertifikatlån ligg ca. 0,5 % under p.t. renta i Kommunalbanken, som er 2,25 %.

Den relativt store skilnaden i rentesats i høve til Kommunalbanken gjer det aktuelt å refinansiere nokre av låna i Kommunalbanken.

Fylkeskommunen har hatt 2 mindre lån i Kommunalbanken på 91,8 mill. kr og 94,1 mill. kr. Det første vart slått saman med eit sertifikatlån som vart fornya den 10. mars. Ein vil no refinansiere det andre ved å slå det saman med sertifikatlånet på 297 mill. kr. Det nye lånet vert då 391 mill. kr

Fylkeskommunen har for tida 7 sertifikatlån. 4 av dei har hatt forfall i perioden 10. – 18. mars. Det er ønskeleg med noko betre spreining av forfallstidspunkta. Ein har difor bede om tilbod på ulike løpetider denne gongen, slik at ikkje alle låna treng å fornyast kvar 3. måned. For lånet som no skal fornyast har ein bede om tilbod på 6 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod den 14.03.2014:

DNB Markets	1,710 %
Kommunalbanken	1,734 %
Danske Bank Markets	1,750 %
Nordea Markets	1,800 %
Swedbank	1,850 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets om 6-månaders sertifikatlån til 1,71 % rente.